

Sakrale stadnamn

Av Inge Særheim

Namn och bygd 100 (2012), 181–200.

Inge Særheim, Department of Cultural Studies and Languages, University of Stavanger: Sacral place-names.

Abstract

The study of sacral place-names is the subject of some sixty articles in the first ninety-nine volumes of *Namn och bygd*. The authors discuss toponyms supposedly referring to earlier cult and religious conceptions, e.g. names of old cultic sites (pagan temples, holy places etc.) and names connected with the worship of pre-Christian gods and goddesses (Odin, Thor, Freyr, Freyja, Njord, Ull etc.).

Keywords: sacral place-names, cult, religious conceptions, old cultic sites, pre-Christian gods and goddesses.

1. Innleiing

Det er ei vanleg oppfatning i fagkrinsar at nedarva stadnamn er eit unikt og særskilt verdfullt kjeldetilfang når det gjeld granskning av førkristen religion og kult i Norden. Som kjent, lokaliserer sakrale stadnamn tidlegare kultplassar og dei gjev ved det språklege innhaldet sitt spesielle opplysningar om heilagstadene og religionen, t.d. om gudar som folk har dyrka, og om særdrag ved kulten og stadene. Mange stadnamn som inneholder sakrale nemne, har nær tilknyting til sentralstader i bygdelaga og dei er såleis uttrykk for religiøse og politiske maktssenter. Sakrale stadnamn er eit viktig forskingsmateriale i tverrvitskapleg samanheng, og dei blir brukte som kjelder av fleire forskargrupper, bl.a. av arkeologar og religionshistorikarar. Slike namn og tolkingar kan seiast å vera eitt av dei viktigaste bidraga som namnevitskapen har å skilta med når det gjeld nordisk samfunns- og kulturhistorie.

2. Artiklar om sakrale stadnamn i NoB – eit kort overblikk

Naturleg nok er sakrale stadnamn tema for mange artiklar i NoB. Nær på 60 artiklar i dei 99 første årgangane av tidsskriftet (1913–2011) omhandlar namn som av forskarar er sette i samband med og skal referera til tidlegare kult og religiøse førestillingar, t.d. namn på gamle kultstader (gudehov, heila-

ge stader m.m.) og namn som har bakgrunn i dyrking av førkristne gudar (Odin, Tor, Frøy, Njord, Ull mfl.). I nokre artiklar er det teke opp emne frå gammal folketru og overtru, bl.a. namn som speglar tru på vetter, troll og attergangarar, dessutan «forbodne» namn (tabunamn) og noanamn. Det har òg kome bidrag frå andre grupper enn namneforskarar, bl.a. frå arkeologar.

Interessa for og haldningane til sakrale stadnamn har skifta blant nordiske namneforskarar dei siste hundre åra, og bidraga i NoB er illustrerande i så måte. Ca 70 %, altså meir enn to tredjepartar, av artiklane som omhandlar sakrale stadnamn, er frå dei to første og dei to siste tiåra av historia til tidsskriftet. Det er klart færre og meir spreidde bidrag frå perioden 1930–1990, då slike namnetolkningar kan seiast ikkje å stå så høgt i kurs i dette forskarmiljøet.

Sentrale forskingsarbeid som omhandlar sakrale stadnamn i Norden, har fått grundig vurdering og omtale i tidsskriftet. Det gjeld bl.a. Magnus Olsens studie *Hedenske kultminder i norske stedsnavne* (1915), som er vurdert av Elof Hellquist i NoB 5 (1917 s. 161–182, dvs. heile 22 s.), og Per Vikstrands doktoravhandling *Gudarnas platser* (2001), der ein omarbeidd versjon av Bente Holmbergs opposisjonsinnlegg er trykt i NoB 91 (2003 s. 35–57, dvs. 23 s.).

3. Dei første 50 årgangane av NoB

3.1. Nokre stadnamn som er tolka til førkristne gudenamn og gudenemne

I fleire artiklar blir det drøfta spesielle stadnamn som ifølgje forfattaren inneheld eit førkriste gudenamn eller gudenemne. Alt i det første heftet av tidsskriftet, i artikkelen Den heliga murgrönan. Till ortnamnet Vrindavi (NoB 1, 1913), diskuterer Oskar Lundberg det svenska stadnamnet *Vrinnevi* (like sør for Norrköping), eldre *Vrindavi*, der han reknar med etterleddet *vī* ‘heilag plass’, medan føreleddet er oppfatta som ein austnordisk variant av det vestnordiske gudinnenamnet norr. *Rindr*. Han set dette namnet saman med plantenemnet *rind*, som er nytta om ei krypplante (*murgrönan*, *Hedera helix*), som ifølgje folketrua skulle verna mot forheksing. Den sakrale tolkinga av dette namnet blir seinare avvist av Jöran Sahlgren (NoB 38, 1950), men Per Vikstrand understrekar at ho «är formellt möjlig» (2001 s. 91).

I same årgangen (NoB 1, 1913) argumenterer Carl M. Kjellberg for at det gsv. namnet *Thorshughle*, som han lokaliserer til Vaksala herad og sokn (Uppland), har bakgrunn i ein tidlegare Tors-kult. Denne skal ha blitt etterfølgd av eit ting knytt til denne staden, som truleg er Vaksalas eldste tingplass.

Sakrale namnetolkingar finn ein òg i andre årgangen av tidsskriftet. T. E. Karsten (NoB 2, 1914) set der stadnamnet *Tiveden* (ein skog i Närke og Västergötland) i samband med det germanske gudenamnet *Tiwaz*, norr. *Týr*, trass i at føreleddet står i stammeform. Han meiner at eit tilsvarande gudenemne førekjem i stadnamn og folketradisjon i Finland. Tolkinga som Karsten går inn for, er tidlegare avvist av bl.a. Adolf Noreen (1911), som viser til Oluf Ryghs oppfatning om at gudenamn som førsteledd i stadnamn har genitivform; Noreen reknar her med eit plantenemne *tived* (*Daphne mezereum*). Andre har peika på at namnet kan innehalda eit appellativ **ti(r)* ‘gud’, som ligg til grunn for gudenamnet, jf. Andersson i NoB 67 (1979 s. 127 f.), dessutan Holmberg 1986 s. 109 og Vikstrand 2001 s. 406.

I tredje årgangen kjem så Hjalmar Lindroth (NoB 3, 1915) med ein artikkel om namnet *Härnevi*, som førekjem fire stader i Uppland. Han avviser tidlegare tolkingar, bl.a. Magnus Olsens oppfatning om samansetjing med eit austnordisk motsvar til det vestnordiske gudenamnet *Hörn*, som ifølge Snorre-Edda er eitt av Frøyas namn, altså at *Hern* er ei nordisk grøderikdomsgudinne, med bakgrunn i ein germansk grøderikdomskult (Olsen 1908). Også Oskar Lundberg (1912) reknar med bakgrunn i ein fruktbarhetskult. Men trass i «mycket skarpsinne» og «flera sinnrika kombinatiorer» er tidlegare tolkingar «oriktiga», ifølge Lindroth, som held fram: «jag anser mig kunna ge den rätta lösningen» (Lindroth 1915 s. 57). Den siterte formuleringa er ikkje utypisk for sjangeren sakrale stadnamntolkingar, noko som både gjeld argumentasjonen for og mot slike tolkingar.

Om namnet *Härnevi* skriv Lindroth: «Ærnavi är den ursprungliga formen. Förleden innehåller samma ord som den finska mytologiens Aarni(o), namn på en demon, som vaktar nedgrävda skatter» (op. cit. s. 60). Med andre ord reknar Lindroth med bakgrunn i ein gammal fedrekult, som òg skal vera kjend med eit nærskylt nemne frå finsk mytologi. Men dette er ikkje siste ordet om *Härnevi* i NoB, for dette namnet er òg teke opp til drøfting i seinare årgangar av tidsskriftet, noko som vil bli omtala nedanfor.

Elof Hellquist drøftar i ein artikkel i NoB 4 (1916) nokre stadnamn på *Hana-*, *Hane-*, *Han-* o.l., og han peikar på språkleg samband mellom gudenamnet *Höner* og fuglenemna *hane* m. og *hone* f. Han viser til at hanen har spela ei viktig rolle i folketrua og i gamle mytiske forestillingar, bl.a. i samband med sol, eld og grøderikdom (Hellquist op. cit. s. 143 f.). I artikkelen Haneberg og Hanehaug fire år seinare (NoB 8, 1920), med kort oppfølging året etter (NoB 9, 1921), set Olsen namn med slike føreledd i samband med folketrua og offerplassar der ein skal ha ofra hanar til vettene. Det gjeld bl.a. *Hanaberg* i Sokndal, der ein like ved finn namnet *Leikvoll*, dessutan *Eik* (prestegarden)

og *Frøyland*, som alle skal vera knytte til ein heiden kultstad (Olsen 1920 s. 38). Bror Lindén omtalar Olsens tolking i artikkelen Hanaknä i NoB 24 (1936), der han m.a. skriv: «jag måste bekänna, att jag vid läsning av åtskilliga religiöst inriktade ortnamnstolkningar, som av kända forskare framställts, icke kunnat värja mig för den uppfattningen, att man i många fall skjutit över målet och onödigtvis föredragit långsöcta, abstrakta förklaringar framför mer reala, som faktiskt ligga närmare till hands» (op. cit. s. 115). Han peikar på at det ved namnetolkninga er lagt for lite vekt på folks «sinne för yttre likhet mellan terrängformationer och bekanta djur (särskilt husdjur), kroppsdelar eller föremål» (op. cit. s. 115–116), og han viser til at høgdenamn med *Hana-* og *Hane-* som føreledd kan ha bakgrunn i at «tuppen står på en kulle och gal» (op. cit. s. 116).

Slike føreledd kan ha ulik real bakgrunn i ulike stadnamn. I nokre namn kan bakrunnen vera faste spelelassar for fugl, t.d. orreleik eller tiurleik, jf. *Hanaknollen* frå Rosstøl i Sirdal, som truleg siktas til ein spelelass for orrhanner (Særheim 1992 s. 205). Gardsnamnet *Hanakam* (Suldal), i *Hanakamb* 1319, er metaforisk namngjeving, opphavleg brukt om ei høgd (Særheim 2007 s. 89).

Om ein så går til den tiande årgangen (NoB 10, 1922), finn ein der Elias Wesséns artikkel Till de nordiska äringsgudarnas historia, som eigentleg er ei melding av Hugo Jungners avhandling Gudinnan Frigg och Als härad. En studie i Västergötlands religions-, språk- och bebyggelsehistoria (1922). Wessén peikar på at nokre herad og sokner i Sverige er «uppkallade direkt efter en kultplats, ‘en helig åker’» (Wessén 1922 s. 98), utan å gå vegen om ei busetjing (gard), t.d. representert med namn som *Ulleråker*, *Frösåker* og *Torsåker* (alle frå Uppland), noko som òg skal gjelda det eine *Friggeråker*-namnet (ved Falköping). I andre høve har kultplassen gjeve namn til både sokn og busetjing (gard), t.d. *Odensåker* (Västergötland). Slike namn er uttrykk for tidleg religiøs og administrativ organisering. Ein heilt annan karakter har t.d. *Friggeråker* i Als herad, som berre er namn på ei busetjing («en habitation»), ikkje på «eget byalag», sokn eller herad (op. cit. 99). Wessén kommenterer òg Jungners påvisting av at 5 (etter Wessén minst 6) gardsnamn vid Ålleberg, bl.a. *Friggeråker*, kjem att 3–4 mil lengre nord-vest på Västergötland-sletta, noko som er tolka som uttrykk for utvandring og folkeflytting – og oppkalling (op. cit. s. 99). Wessén er skeptisk til Jungners tidlege datering på arkeologisk grunnlag (til ca. 100 f. Kr.) av denne utflyttinga og Frigg-kulten. Jungner svarar på kritikken frå Wessén og andre i NoB 12 (1924).

I artikkelen Hästskede och Lekslätt frå året før (NoB 9, 1921) set Wessén nemne som *sked(e)* og *Lek-* i samband med tidlegare gudedyrking og kultiske

handlingar, bl.a. kappriding. Tilsvarande vestnordiske namn med nemna *skeid* og *Leik-* er nemnde. Wessén ser dette i samanheng med den tidlegare Frøy-dyrkinga, og før det dyrking av guden Ull, og han meiner at slike tradisjonar får eit framhald i feiringa av St. Staffan, som er «hästarnas skyddspatron» (Wessén 1921 s. 118, 123).

I artikkelen Ett hedniskt kultcentrum i Värmland? frå året før (NoB 8, 1920) omtalar Erik Noreen ei rekke namn og namneledd frå dette landskapet med mogleg bakgrunn i forkristen kult. Blant doma er *Onsön* (Odin), *Aspberg, Assberg*, ev. *Åsunda* (alle tre med *ås* m. ‘heiden gud’), *Staholmen* (stav m. ‘gudestav, primitivt gudebilete’), *Torsviken* (Tor), *Solberg* (gammal solkult), *Frubacka* (Frigg), *Törne* (Tor, *vin*-namn), *Tybottsviken* (*tý* ‘gud’), *Lökene* (**Leikvini*), *Stockåker* (oppreist stokk som primitiv idol), *Väsby* (*vä* = *vi* ‘heiden heilagdom’), *Ullerön* (Ull), *Gudholmen* (gud), ev. *Hovlanda* (hov), *Vie* (*vi*), *Lund* (lund), *Vång* (vang), *Ringsåker* (jf. norr. **Hringir*, brukt om guden Ull(in)), *Älgården* (jf. got. *alhs* ‘tempel, heilagdom’) og *Hälgesjön* (‘heilag’).

Oskar Lundberg spør i artikkelen Det uppländska sockennamnet Alunda (NoB 32, 1944) om dette namnet siktat til «en adal-lund, en forntida lund av større betydenhet i bygdens liv» (Lundberg 1944 s. 123), noko han stadfestar. Namnet er sett i samband med andre namn på *-lunda* som skal sikta til heiden gudedyrking, t.d. *Torslunda* og *Froslunda*.

Nokre forfattarar som omtalar eit større tilfang av stadnamn frå eit område, nemner òg namn med sakral bakgrunn. I artikkelen Till Gäsene härads bebyggelsehistoria (NoB 24) skriv Fritz Andersson at soknenamnet *Hov* «är det enda namnet inom häradet, som lämnar vittnesbörd om hednakult», og såleis knytt til «häradets huvudort» (1936 s. 211–212). Ivar Lundahl nemner i artikkelen Västergötlands ortnamn (NoB 43) bl.a. «De 19 säkert hithörande bebyggelsenamnen» (Lundahl 1955 s. 141), dvs. namn som har sakral bakgrunn, t.d. *Friel* (Frøya), *Friggeråker* (Frigg), *Frösve* (Frøy), *Odensåker* (Odin), *Torsvi* (Tor), *Ullered* (Ull), dessutan *Götala* (jf. gotisk *alhs* ‘tempel’) og *Skövde* (*ve, vä* ‘heiden heilagdom’).

3.2. Alternativ til sakrale stadnamntolkingar

Det har, som kjent, vore – og er – stor usemje blant namneforskjarar når det gjeld sakrale stadnamn i Norden, noko som òg kjem til uttrykk i NoB-artiklane. Nokre forskjarar har funne svært mange namn med sakrale nemne, t.d. Olsen, medan andre, t.d. Sahlgren, har avvist ei rekke av desse tolkingane og i staden føreslått nemne for topografi, naturtilhøve, dyreliv, fangst o.a., bl.a. i

mange namn med namneledd som *-vi*, *-sked(e)*, *Lek-*, *Frø-*, *Ås-*, *Al-* og *Älg-*. At Sahlgren var redaktør for NoB fra starten i 1913 til og med 1968, har nok medverka til den nokså nøkterne og til tider sterkt kritiske behandlinga som denne namnegruppa har fått i tidsskriftet i denne perioden.

Alt i 1920 (NoB 8) skriv han at føreleddet i *Tybotten* har samband med talordet *to* og siktat til ‘to botnar’, ikkje til gudenemnet *ty*, som Erik Noreen hevda (Noreen 1920 s. 24). To år seinare (NoB 10) peikar Sahlgren på at føreleddet i *Åsaka* ikkje er *ås* m. ‘gud’, men at ein her finn samansetjing av terrengnemnet *ås* og ordet *hake*: ‘åsen med utspringet’. Året etter (NoB 11) skriv han i artikkelen *Oäkta vi-namn* at etterleddet i mange namn på *-vi* ikkje er *vi* (nor. *ve*) ‘heilag stad’, men at det her har tydinga ‘ved’, ‘skog’, jf. norr. *viðr*. I artikkelen *Alavi*, fsv. *Aluerui* (NoB 46) understrekar han at etterleddet i dette namnet ikkje er *vi* «offerställe», men eit eldre *-widhi*, av *widher* ‘skog’, medan føreleddet har samband med ordet *alv* «av kalksten, krosstensgrus, sand, lera o.d. bestående lager under matjorden» (Sahlgren 1958 s. 159–161).

I meldinga av Jan de Vries Altgermanische Religionsgeschichte kjem Sahlgren (NoB 25, 1937) med kritikk av utbreiingskarta, som han meiner er tilfeldig utarbeidde, med tvilsam oppføring av teofore stadnamn. Han frårår bruk av dei. Han er òg kritisk (NoB 46, 1958) til utbreiingskarta i 2. utgåva av same verket. Fem år seinare (NoB 51, 1963) kjem han med ei sterkt kritisk melding av Folke Ströms bok Nordisk hedendom. Tro och sed i förkristen tid, som ifølgje Sahlgren er basert på usikre og umoglege etymologiar, er metodisk svak og uhøveleg som universitetsbok.

Sterkast artikulert er Sahlgrens kritikk av den nordiske sakralnamnforskinga i NoB 38 (1950), i artikkelen Hednisk gudalära och nordiska ortnamn. Kritiska inlägg. Der polemiserer han mot fleire som har lagt fram sakrale namnetolkingar i NoB og andre stader. Särleg Wessén får gjennomgå, men også andre må tola kritikk, bl.a. Olsen. Han avviser sakral bakgrunn for namna *Kåvö* (gsv. *Quadowi*, føreslått av Erik Noreen i NoB 2, 1914), *Vrinnevid* (gsv. *Wrindawi* 1423, jf. Lundberg 1913) og *Ällevi* (gsv. *Älghawi*, jf. Olsen 1915), og føreslår i staden dei jordnære tolkingane ‘kvådeskogen’, ‘murgrønskogen’ og ‘elgskogen’ for desse namna (Sahlgren 1950 s. 2).

Sahlgren avviser Wesséns tolking av *Häst(e)skede* og andre namn på *sked(e)*, som er tolka som ‘kappridingsbane’, med bakgrunn i heidne kulthandlingar (Wessén 1921). Ifølgje Sahlgren siktat nemnet *Lek-* ofte til leikeplassar for skogsfuglar (t.d. orreleik og tiurleik), og for hjortar og fiskar. Namnet *Lekvall* (og ordet *lekvall*) skal sikta til «lekjar, bedrivna av människor» (op. cit. s. 14), ikkje til kultiske leikar. Sahlgren avviser òg Olsens og Wesséns tolking av føreleddet i gno. *Elgjartún* som eit gno. **elgr* f., svarande til got. *alhs*

f. ‘tempel’, og føreslår her samansetjing av dyrenemnet *elg* og *tun* ‘stengsel, innhegning’, med bakgrunn i fangststader og fangstinnretningar for elg.

Sahlgren nyttar seg av ulike retoriske verkemiddel i argumentasjonen sin, bl.a. metaforar og verdilada ord og uttrykk som får mening ut frå konteksten. Han skriv t.d. at Wesséns «lärlära utredning [...] reser sig som ett forntida stavbyggt tempel högt över vardagslivets id. Men om hörnstavarna murkna, skall hela templet falla» (op. cit. s. 4). Sahlgren har kome fram til at «hörnstavarna voro murkna redan vid byggnadens uppförande» (loc. cit.), noko han fleire gonger kjem tilbake til i den sterkt kritiske og stundom spissformulerete artikkelen: «Min granskning av de fyra hörnstavarna ha[r] visat att tre äro helt murkna och att den återstående dvs. *Lekvall* ej har de dimensioner, som behövs för ett Ullstempel. Den duger emellertid till timmer i en lekstuga, där ungdomen driver sina profana danser och lekar» (op. cit. s. 20).

Fleire gonger bruker Sahlgren låtten og generaliseringar som verkemiddel mot Wessén: «Tanken på att de svenska *Bockaskede*, *Hanaskede*, *Kvigeskedet*, *Kätteskede* och det norska *Gjeitskeiet* skulle vara minnen av kapplöpningar mellan resp. bockar, tuppar, kvigor, kattor och getter är utesluten. Men till dessa namn ansluter sig ortnamnet *Häst(e)skede* osökt och nödvändigt» (op. cit. s. 6). Sahlgren bruker òg låtten mot Olsen, bl.a. når han omtalar Olsens artikkel om øynamnet norr. *Njarðarlog* som «lärd och fantasirik» (op. cit. s. 16), og avhandlinga Hedenske kultminder i norske stedsnavne som hans «lika fantasirika som skarpsinniga arbete» (op. cit. s. 2), og når han skriv at han «för korthetens skull» vil kalla den topografiske avstandsmetoden for «kilometermetoden» (op. cit. s. 16); Sahlgrens «forkortning» har faktisk ein bokstav meir enn Olsens uttrykk *avstandsmetoden*. For å visa kor uhøveleg denne metoden er, snur Sahlgren på flisa og nyttar den såkalla kilometermetoden til å argumentera for at *Lek*-namna er minne om hjortars paringsleikar (op. cit. s. 19–20).

Sahlgren karakteriserer i artikkelen Lunden Barre i Skírnismál (NoB 50) Olsens tolking av dette eddadiktet i MM (1909) som «präglad av konstnärlig fantasi och elegant formulering» (Sahlgren 1962 s. 193). Han avviser bl.a. Olsens tolking av *Barri* som ‘i kornet’, som skulle innebera følgjande: «I kornet skall alltså Frö och Gård mötas» (op. cit. s. 196). Lundnamnet svarar, ifølgje Sahlgren, til føreleddet i ord som *bartre*, *barskog* mfl.

Når Hellquist (NoB 5, 1917) i meldinga av Olsens Hedenske kultminder i norske stedsnavne (1915) nyttar uttrykk som «skarpsinnig forskning» og «storslagna vyer» (s. 182), har det ikkje same negative klangen som når Sahlgren nyttar liknande uttrykk. Hellquists omtale er stort sett positiv, sjølv om han understrekar at fleire av Olsens framlegg vil møta motstand blant forskar-

rar, bl.a. ideen om det mannlege gudeparet Frøy (Fillinn) og Ull (Ullinn), som Olsen bl.a. med bakgrunn i namneparet *Freysakr* og *Ullinsakr*, meiner var bundne saman i kulten.

Når ein les Sahlgrens kritikk, kunne ein kanskje få inntrykk av at han prinsipielt var mot sakralnamntolkingar, som t.d. Eivind Vågslid. Sistnemnde (1974 s. 262) rosar, som kjent, Sahlgren for hans avvising av sakrale stadnamntolkingar, bl.a. i NoB-artikkelen frå 1950. Men eit slikt inntrykk av Sahlgren stemmer ikkje. Fleire stader – også NoB-artikkelen frå 1950 – understrekkar Sahlgren at stadnamna er viktige kjelder om førkristen kult. Harry Ståhl (1971 s. 10–11) legg òg i minneorda sine over Sahlgren (NoB 59) vekt på at han «inte saknade interesse för äldre mytiska och religiösa föreställningar».

I artikkelen Reaktion och korrektion (NoB 35), viser Sahlgren ved hjelp av fleire døme at «då ett ord ej längre fyller de praktiska eller estetiska anspråk, man anser sig kunna ställa därpå, blir det utsatt för ogillande och mer eller mindre målmedvetna ändringsförsök» (1947 s. 125). Eitt av døma hans er by- og soknenamnet *Torshälla* (Södermanland), som «är sammansatt av guden Tors namn i genitiv och ordet **hargher* 'stenhop, offerställe'» (1947 s. 124). Same problematikken tek han opp i artikkelen Arboga och Torshälla (NoB 53, 1965).

I det vesle populärvitskaplege heftet Vad våra ortnamn berätta (1932) har Sahlgren eit eige kapittel om «Forntida och medeltida religion», der han nemner ei rekke svenska stadnamn som etter hans syn inneheld førkristne gudenamn og nemne for heiden kult, t.d. gudenamn som *Tor* i *Torshälla*, *Torstuna*, *Torsvi*, *Torslunda* og *Torsåker*, vidare *Odin* i *Odensvi*, *Odenslunda* og *Odensåker*, *Frøy* i *Frustuna*, *Frösvi*, *Fröslunda* og *Frösåker*, *Frøya* i *Frötuna*, *Frölunda*, *Frövi* og *Friel*, *Frigg* i *Friggeråker*, *Njord* i *Närtuna*, *Nalavi*, *Mjärdevi*, *Närby*, *Närlunda* og *Norderön*, dessutan *Ull* i *Ullavi*, *Ullvi*, *Ullunda*, *Ultuna* og *Ulleråker* (Sahlgren 1932 s. 58–63). Han nemner òg (loc. cit.) andre sakrale nemne som førekjem i svenska stadnamn, som *vi* (t.d. *Ullevi*), *hov* (*Håv*), *harg*, (t.d. i *Odensala*, eldre *Odenshargh*), *lund* (*Ullunda*), *al* (*Fröjel*, eldre *Fröäl*) og *Helg-* (*Helgaån*, *Helgasjön*, *Helgeön*).

Trass i ei til tider kanskje unødvendig sterk retorisk form er mykje av Sahlgrens kritikk når det gjeld sakrale namnetolkningar rettkomen, etter mitt syn. I fleire høve hadde forskarar gått altfor langt i å finna kultminne i nordiske stadnamn, både Olsen, Wessén og Erik Noreen. I doktoravhandlinga si skriv Vikstrand (2001 s. 38) at «Sahlgrens restriktiva attyd gentemot sakrala namntolkningarna var en reaktion mot en i vissa delar alltför vidlyftig sakralnamnsforskning under 1910- och 20-talen», av somme omtala med det ned-

latande uttrykket «mytosofien». Sahlgren var «uppenbarligen oroad för ortnamnsforskningens anseende» (Vikstrand loc. cit., Sahlgren 1923b). Han kom, ifølgje Vikstrand, til «att inta en hållning som förblivit rådande åtminstone inom huvudfåran av svensk namnforskning» (loc. cit.).

Til grunn for Sahlgrens innstilling ligg ifølgje Vikstrand «principen om de ikke-sakrala tolkningarnas företräde: om man vid en namntolkning har att välja mellan en sakral och en icke-sakral tolkning är den icke-sakrala tolkningen a priori att föredra» (Vikstrand loc. cit.). Ein kan, ifølgje Vikstrand (op. cit.), sjå på Sahlgrens haldning som ein kritikk mot «ett forskningsparadigm som hade stelnat i formen och drivits till extrema yttringar» (op. cit. 39), og han legg til: «Detta paradigm är dock idag sedan länge avsommnat och det finns inte längre något behov att markera ett avståndstagande» (loc. cit.). Vikstrand held fram: «Det finns [...] inget dramatiskt eller spektakulärt över de sakrala ortnamnen – tvärtom utgör de ett förväntat inslag i ett landskap format av människans föreställningar och berättelser. [...] När språkligt likvärdiga tolkningar står mot varandra, bör man välja den som har störst förklaringsvärde, oavsett om den är sakral eller inte» (loc. cit.). Eg kan slutta meg til denne utsegna.

Det har blitt hevd at Sahlgren ofte byter ut ein usikker hypotese med ein annan usikker hypotese (jf. Sandnes 1992 s. 13). Mange av tolkingane der ein har rekna med kultisk bakgrunn, er usikre, men det gjeld òg mange andre namnetolkingar, bl.a. fleire av Sahlgrens alternative tolkingar. Ein kan ikkje avvisa sakrale tolkingar berre på det grunnlaget. Det er ikkje å ta for hardt i om ein hevdar at Sahlgren sette sitt tydelege preg på den behandlinga som sakrale stadnamn fekk i NoB dei første 50 åra – ja eigentleg 55 åra – av tidskriftets historie.

4. Sakrale namnetolkingar – og alternative tolkingar – i dei 50 siste årgangane av NoB

4.1. Ikkje-sakrale tolkingar

Også i artiklar frå etterkrigstida er førekost av gudenamn og gudenemne i nordiske stadnamn eit aktuelt tema. I nokre artiklar er det argumentert for at det ikkje er sakral bruk av eit nemne som ligg føre i stadnamn, t.d. i *Harstena*, som inneheld gsv. **hargher* ‘steinhaug’ (Franzén 1979, NoB 67). Allan Rostvik skriv i Ortnamnet *Harv* (NoB 57, 1969) at dette namnet, som førekjem i Norrland (5 g.) og Österbotten (2 g.), siktar til ‘steinlende’, som andre

harg-namn, ikkje til ‘heide tempel, altar’, som tidlegare er føreslått. Ifølgje Birgit Falck-Kjällquist (NoB 71, 1983) er *Ullerö* samansett av -*ö* ‘øy’ og eit elvenamn *Ull(a)*, laga til verbet *vella* ‘vella, bobla o.l.’, med bakgrunn i eit raskt elvelaup eller fiskemengd, med andre ord ikkje gudenamnet *Ull* (som tidlegare føreslått av Hellquist og Erik Noreen og i SOV 8). Gunnar Pellijeff (NoB 79, 1991) avviser kulttolkinga av namnelementet *skede*, og viser til tydinga ‘vegstykke, løpebane’, i nokre høve brukt om høgare og tørrare terrenget mellom vatn.

Emnet sakrale namnetolkingar vart òg teke opp av nokre deltagarar under den sjuande nordiske namnforskarkongressen i Sandefjord i 1976. Innlegga og eit samandrag av dei etterfølgjande diskusjonane er tekne med i NoB 66 (1978). I innleget sitt med tittelen *Hugarflug og veruleiki í íslenzkum örnenfnum*, dvs. ‘tankeflukt og sanning i islandske stadnamn’, avviste Þórhallur Vilmundarson dei tradisjonelle tolkingane av føreleddet *Þórs-* i islandske stadnamn som gudenamnet *Þórr*, og av *Goð-* som anten *goð n.* ‘gud’ eller *goði m.* ‘gode’. Han føreslo i staden nemna *þjórr* m. ‘naut’ og *góðr* adj. ‘god’ i slike namn, trass i at dette korkje samsvarar med eldre skrivemåtar eller nedervd uttale. I diskusjonen etter föredraget vart det lagt fram motførrestillingar mot slike tolkingar (Vilmundarson 1978 s. 108, 111–112).

Også Eivind Vågslid kom til orde med synet sitt på sakrale stadtamntolkingar under konferansen i Sandefjord, nemleg i diskusjonen etter föredraget til Jørn Sandnes. Som kjent, avviser Vågslid slike tolkingar. I boka si *Stadtamntydingar 2* (1974) skriv han: «Det er verdlaust og villeidande tanke-spinn utan røynleg grunnlag det meste av det som til dessa er sagt og skrivi um gudeminne i norderlendske stadtamn» (Vågslid op. cit. s. 260), og han dreg følgjande konklusjon: «Germanske stadtamn frå heidi tid i Norderlond er ikki laga av gudenamn eller ord for heidi gudedyrking» (op. cit. s. XX). I svaret sitt til Vågslid understreka Sandnes at det er uheldig å gå til eit ytterpunkt og avvisa alle spor av gudenamn i stadtamn, men han «var ikkje usamd med Vågslid når han hevda at gudenamnteorien hadde vore uheldig for bygdehistorikarane» (Sandnes 1978 s. 126). Vågslid har publisert artikkelen *Feta og -fot i norske stadtamn* i NoB 48 (1960), men han skreiv ikkje om sakrale stadtamn i tidsskriftet. Den nemnde boka – og andre av bøkene hans – kom ut som «Eigin utgjevnad».

4.2. Sakrale tolkingar

At andre som har skrive om opphavet til nordiske stadtamn, har gått til det andre ytterpunktet og funne ei rekkje minne om heiden kult, er òg reflektert

i NoB, bl.a. i bokmeldingar. I sin knappe og slagferdige omtale i NoB 57 av Petrus Envalls bok *Gudastolpen*. Rod och råd. En studie i fornordisk språk- och religionshistoria (1969) skriv Thorsten Andersson: «En stor del av vår ortnamnsskatt vill Petrus Envall i föreliggande arbete [...] förklara som fruktbarhetsbeteckningar. Så t.ex. återfinner han 'gudastolpen', dvs. fruktbarhets-gudens fallos, i ortnamnen på *-rud*, *-ryd* 'rötning', och ett genomskinligt namn som *Fagerön* tolkas som 'coireön'». Domen til meldaren er klar: «Då boken framläggs som en seriös namnundersökning och utanför fackmännens krets måhända kunde tas på allvar, kan det vara lämpligt att här påpeka, att den inte förtjänar sådan uppmärksamhet» (Andersson 1969 s. 184).

Fleire forskrar har lagt fram solid argumentasjon for at nokre stadnamn har sakral bakgrunn. Karin Calissendorf går i artikkelen *Helgö* (NoB 52, 1964) grundig gjennom nordiske namn med adj. norr. *heilagr* 'heilag' (*Helg-* og *tilsvarande*) som føreledd, særleg innhaldet i dette adjektivet og bruken av det i stadnamn, både sakral og ikkje-sakral bruk. I nokre høve siktar nemnet til ein 'heilag' stad, t.d. ein tempel- eller tingstad, eller ei leidangshamn, med andre ord stader som er beskytta av gamle lover. I somme høve er ordet knytt til spesielle naturformasjoner, t.d. til tre og vasskjelder som etter folketrua var 'fylte med overnaturlig kraft'. Bakrunnen kan vera farlege stader, t.d. farleier på sjøen, der ein kan ha ofra for å få god ferd eller fiskelukke. I somme namn dreiar det seg om personnamn som *Helge* eller *Helga*, eller om dyrenemnet *elg* m.

Thorsten Anderssons artikkel *Tuna*-problem (NoB 56) gjev i hovuddrag att opposisjonsinnlegget hans under Karl Axel Holmbergs doktordisputas om dei svenske *tuna*-namna (1969). Andersson omtalar bl.a. namn som er samansette med gudenamn, nemleg fem *Frötuna*, to *Ultuna*, eitt *Fröstuna*, eitt *Närtuna* og eitt *Torstuna*. Han peikar elles på at føreleddet i dei tre *Altuna*-namna synest svara til got. *alhs* med bakgrunn i ein «helgedom, kultplats av något slag» (Andersson 1968 s. 104).

Märta Hähnel (NoB 60) meiner at føreleddet i namnet *Stafsinge* (Halland) tyder «stavsten», og at det har bakgrunn i «den i socknens forna centrum belägna bautastenen» (Hähnel 1972 s. 108). Ho viser til at Sahlgren i ein avisartikkel (referert av Thede Palm i NoB 1940 s. 15 ff.) har peika på at «*stav* kan beteckna resta stenar eller pålar, som använts antingen vid hednisk kult eller för en avliden» (Hähnel 1972 s. 107–108).

Lennart Elmevik drøftar i ein artikkel frå 1966 (NoB 54) eit mogleg gsv. gudenamn **lytir* (**Lytir*), nemnt i vestnordisk sagalitteratur (Hauks þátr hábrokar i Flateyjarbók, i ei forteljing om Harald Hårfagre); dette er ein gud som kong Eirik i Uppsala skal ha blota til. Det ligg kanskje føre i stadnamn

som gsv. *Lytislund(a)* (3 g., Södermanland 2 g. og Västmanland) og *Lytisbergh* (1 g., Östergötland). Elmhevik tenkjer seg språkleg samband med gsv. *luter, loter* 'lut, andel', (etter Dag Strömbäck, 1928) brukt som tilnamn for Frøy: 'han som råder over og fordeler lutene og slik avgjør levevilkåra for menneska' (Elmhevik 1966 s. 61; jf. likevel Elmhevik 2003b s. 68 ff.). Vikstrand (2001 s. 391) har meir tru på at dette kan vera eit tilnamn for Odin. Jf. elles Olsens oppfatning (1915 s. 219 ff.) av **Hringir* som tilnamn for Ull (i stadnamn).

Også i namnet *Åsaka*, som tidlegare er omtala av fleire, bl.a. Sandnes (tolka som 'gudeaking, der guden kører') og Sahlgren ('ås, bergrygg' + 'hake'), reknar Elmhevik (NoB 73, 1985) med kultisk bakgrunn. Føreleddet er tolka nettopp som *åss* 'gud' og etterleddet som trenemnet *ek* 'eik', med bakgrunn i eit spesielt eiketre, eller ein eikelund. Det er gjeve døme på liknande lydutvikling i andre vestgøtske stadnamn (t.d. på *-tak* av *teig* m. 'teig', *Baltak, Ettak* mfl.).

To namn som er mykje omtala, diskuterer Elmhevik i artikkelen *Härnevi* och *Friggeråker* (NoB 83, 1995). Som føreledd i det førstnemnde føreslår han eit **eri(n)* 'gud for årets avling' (jf. uttrykket *ærir akr* 'åkeren veks og mognast'), og i det andre norr. *friðgerð* f. 'fredsslutning', som skal sikta til ein åker der usemje opphørde og venskapleg semje vart nådd (jf. Vikstrand 2001 s. 304 ff.).

Staffan Fridell (NoB 89, 2001) diskuterer namna *Alböke* og *Arbelunda*, nytta i nabosokner i nordre Öland, der han reknar med ei innbyggjarnemning **alboar*, nemleg tidlegare **Alboaeke* (som føreslått av G. Pellijeff, 1958) og **Alboalunda*, det sistnemnde med dissimilasjon *l* > *r* på grunn av etterfølgjande *l*. Førstestavinga kan, ifølge Fridell, representera eit mogleg nordisk ord **al*, svarande til gotisk *alhs* 'tempel'. I det førstnemnde reknar han med nemnet *eke*, nytta om ei samling av eiketre, og i det andre *lund*, både med sakral bakgrunn.

I artikkelen Stadnamn og religionsskiftet. Ei problematisering med utgangspunkt i *Ullensvang* (NoB 90, 2002) set Botolv Helleland namnet frå Hardanger inn i ein religionshistorisk samanheng.

5. Andre tema som er tekne opp: metodiske spørsmål, sentralstader

Metodiske avgrensingar og termbruk som gjeld granskning av sakrale og teofore namn, er tekne opp av Håkan Rydving i artikkelen Ortnamn som reli-

gionshistoriskt källmaterial (NoB 78, 1990). Termer som *teofore*, *kultiske* og *sakrale stadnamn* blir drøfta, det sistnemnde som eit samleomgrep. Rydving diskuterer òg bruk av analogiresonnement i tolkingar, og primære og sekundære namn, og han peikar på at «de sekundära namnen i de flesta fall inte ger någon religionshistorisk information» (Rydving 1990 s. 168).

Spesielle språklege tilhøve som er viktige for namnetolkningane er drøfta i fleire artiklar. Andersson (1979, NoB 67) tek opp komposisjonsmåten, stamme- og genitivkomposisjon, og han peikar på at gudenamn som føreledd i samansette stadnamn står i genitiv.

Dette spørsmålet er òg sentralt i eit ordskifte om mogleg samansetjing med gudinnenamnet norr. *Freyja* mellom Elmevik (NoB 91, 2003, NoB 93, 2005) og Frode Korslund (NoB 93, 2005). Førstenemnde viser (NoB 91) til Olsen som reknar med at det finst 26 sikre eller sannsynlege stadnamn i Noreg som er samansette med gudinnenamnet *Frøyja*, trass i at berre fire av dei har skrivemåtar frå mellomalderen (1300- og 1400-talet) som viser samansetjingsforma *Freyju-* (med *u*). Elmevik (2003a s. 143) konkluderer på følgjande måte: «Jag kan inte se att medeltida skrifformer ger något övertygande stöd för att det i Norge finns ortnamn sammansatta med gudinnenamnet *Fröja*». Korslund meiner at det er lydhistoriske grunnar til at genitivforma ikkje viser seg i tidlege former. Det kan leggjast til at tonelaget (tonem 1) i *Frøyland*-namna (9 stk.) tyder på eit opphavleg trestava namn (**Freyjuland*) som er korta ned til to stavingar, jf. *Høyland* (opphevleg tostava) som har tonem 2; dette er nemnt spesielt av Hellquist (NoB 5) i meldinga av Olsens Hedenske kultminder i norske stedsnavne (Hellquist 1917 s. 162). Også Vikstrand (2001) reknar med det nemnde gudinnenamnet i norske stadnamn.

Den lydhistoriske utviklinga i ein skilde namn er drøfta av fleire forfattarar. Gun Widmark (1992, NoB 80), Harald Bjorvand (2008, NoB 96) og Frode Korslund (2011, NoB 99) skriv alle om namnet *Oslo*, der realiseringa av *u*-omlyden i det første samansetjingsleddet er sentralt i diskusjonen. Førstenemnde meiner at norr. *Ås-* kan vera anten norr. *åss* m. 'gud' eller norr. *åss* m. 'ås, bergrygg', og at namnet har fått *u*-omlyd av di namnet har blitt oppfatta som eit einskildord (for etterleddet *-ló* 'slette' har ikkje lenger blitt forstått). Ho reknar med at namnet har fått skriftpåverka uttale alt i mellomalderen. Bjorvand hevdar at berre tolkinga 'gudesletta' er mogleg språkleg sett, og han peikar elles på at høgdedraget Ekebergåsen har blitt referert til som *berg* (gno. *Eikaberg*), ikkje som *ås*. Korslund reknar gno. *Åsló* som den eldste forma, medan *Ósló* skal ha fått overgang frå *å* til *ó* på grunn av vokalassimilasjon. Han meiner at føreleddet er gno. *åss* m. 'langstrekt høgdedrag', slik føreleddet *Ås-* gjennomgåande er tolka i NG, med bakgrunn i at «det eldste Oslo (nåværen-

de Gamlebyen) ligger rett nedenfor det markante høydedraget Ekebergåsen» (Korslund 2011 s. 92).

Lydhistorisk utvikling er også tema i Lennart Mobergs diskusjon (2002a, 2002b, NoB 90) av namnet *Gödåker*. Han peikar på problem med ei tolking gsv. **Gydhiuaker*, samansett med gsv. *gydhia* f. ‘heiden prestinne’, men han gjev døme på samansette appellativ der eit svakt bøygð substantiv har stammeform som førsteledd, som norr. *bogmaðr* m. ‘bogemann’, samansett med norr. *bogi* m. ‘boge’, og frå (gammal)svensk *grankona* ‘nabokone’, *kvinman* ‘kvinne’ og *øghsyn* ‘syn’. Føreleddet *Göd-* kan med andre ord reflektera stammeform av gsv. **gydhia* (nor. *gyðja* f. ‘gudinne, heiden prestinne’).

Også Elmevik diskuterer lydutviklinga i namnet *Gödåker* (NoB 95, 2007). Han avviser det nemnde *gyðja* f. ‘heiden prestinne’, som fleire har føreslått, i tillegg til Moberg gjeld det t.d. Gunnar Ekholm (NoB 13, 1925). Som føreledd føreslår Elmevik anten gsv. **Gódho-akr* (ev. **Góðha-akr*), samansett med eit **góðha* f. (ev. *góðhe* n. pl.) ‘grøderik jord’, gjerne med bakgrunn i ein grøderikdomskult, eller (helst) gsv. **Gydh-a-ker*, med eit **gydhir* ‘heiden prest’ som føreledd.

Nokre forfattarar studerer dei sakrale stadnamna som del av eit større namnemiljø, t.d. i eit landskap eller ein region, gjerne som uttrykk for sentralstader og politisk maktkonsentrasjon. Vikstrand skriv i NoB 81 (1993) om För-kristna sakrala ortnamn i Jämtland, bl.a. om namn som *Frösön*, *Norderön*, *Hov*, *Odensala*, *Vi* og **Ullvi*; dei to sistnemnde skal indikera austleg kontakt og samband. Også namnet *Lunderänget* (på Norderön) er sett inn i denne samanhengen, der *lund* synest indikera kultiske handlingar. Han skriv at «gårdarna med sakrala ortnamn i Jämtland har bebotts av småhövdingar och varit skädeplatser för sakralt präglade fester, sammankomster som dock bör ha fyllt funktioner även på andra områden i det icke-diversifierade järnålderssamhället» (Vikstrand 1993 s. 78).

Vikstrands artikkel Ortnamn, centralplatser och det meningsfulla landskapet (NoB 87, 1999) er dels ei melding av antologien Centrala platser – centrala frågor. Samhällsstrukturen under järnåldern (venebok til Berta Stjernquist, 1998), og dels ei drøfting av tilhøvet mellom stadnamngranskninga og det tverrfaglege forskningsfeltet spatial historie (landskapshistorie), som bl.a. omfattar namn som meiningskapande delar av landskapet. Vikstrand viser at nokre spesielle stadnamn, bl.a. sakrale namn, ofte er indikasjonar på sentralstader og maktsenter, politisk og religiøst. Men nokre freistnader på å rekonstruera sakrale namn for sentralstader har dårlig grunnlag, t.d. *Uppåkra* i Skåne.

Med utgangspunkt i bl.a. namneleddet *sal*, tolka som ‘gudehus, tempel’ el-

ler ‘stormannsgard’ i danske stadnamn, undersøkjer Lisbeth Eilersgaard Christensen (NoB 99, 2011) namn med sentralplassrelevans på åtte stader i Danmark for å avdekkja moglege sentralplasskompleks og einsarta namne-miljø. Ho konkluderer med at det ikkje synest «kunne rekonstrueres ensar-tede centralpladsindicerende navnemiljøer i undersøgelsesområderne, om end der er registrert navne med sandsynlig centralpladsrelevans i dem alle» (Christensen 2011 s. 79).

6. Folketrua

Også folketru og overtru er emne for nokre artiklar i NoB. I artikkelen Blåkulla och blåkullafärderna. En språklig och mythistorisk undersökning (NoB 3, 1915) peikar Sahlgren på at dette er eit typisk noanamn, nytta om Jungfrun (som òg er eit noanamn), med den greie tydinga «den blåa kullen», namngjeven av sjøfolk etter utsjånaden på avstand. Gottfrid Carlsson (NoB 4, 1916) nemner at namnet *Blåkulla* er belagt alt i 1420-åra, ca hundre år før *Jungfrun*, og at dette truleg er eit meir opphavleg og eldre namn på øya. Han peikar på at *Jungfrun* er eit meir typisk noanamn enn *Blåkulla*, og han stiller spørsmål om *Blåkulla* heller skal rekna som tabunamn enn noanamn. I artikkelen Förbjudna namn (NoB 6, 1918) skriv Sahlgren om både tabu- og noanamn. Av døme på det sistnemnde fenomenet nemner han *Matbur* (Sig-tuna), dessutan dei norske *Landegode* og *Smørstakken*.

Olsen (NoB 21, 1933) tolkar føreleddet i det islandske saganamnet *Hel-kunduheiðr* (Nordaustr-Island) som norr. **helkunda*, brukt om eit kvinneleg vesen som stammar frå Hel, altså eit troll frå dei dødes verd som kan skada menneska. Han peikar på eit direkte motsvar i gammalengelsk *helcund* (i Wulfstans homilier, *þæt helcunde wered* ‘helveteshären’). Sisteleddet, norr. *-kundr*, *-kunnr*, er eit opphavleg partisipp med tydinga ‘fødd’ (jf. norr. *kundr* m. ‘son’), som førekjem i samansette adjektiv i gammalgermanske språk. Førsteleddet i slike adjektiv nemner eit mytisk vesen (‘jord’, ‘himmel’, ‘hel’), eller ei eining av mytiske vesen (*regin-*, *troll-*, *ás-*, *alf-*, ‘gud’), jf. *trollkundr* ‘som stammar frå troll’, og *raginakudo* (dvs. *-kundō*) ‘som stammar frå dei rådande’ eller ‘runer med guddomsmakt’. På denne staden på Nordaustr-Island (grensa mellom Norðlendingafjórðung og Austfirðingafjórðungr) var, ifølgje sagaen, ein torshammar reist som vern for menneska. Jf. elles tidlegare omtale av Ol-sens tolking av namna *Haneberg* og *Hanehaug*, som er sette i samband med ofring av hanar til vettene (NoB 8, 1920).

I Gunnar Gröpa en jättekäring (NoB 30, 1942) skriv Sahlgren bl.a. at *Löjetråget* (tidlegare kalla *Hartgröpas Löjetråg* o.l.) har fått namn etter at «en jättinna berättas ha använt den 33 meter långa fördjupningen som badkar åt sina barn» (op. cit. s. 163). *Hartgrepa* skal svara til det norrøne *Hardgreip*, namn på ei «jättinna», visstnok stridsgudinna (valkyrja) *Gunn Hargrepa*. Stadnamnet *Tröjemåla* skal ha bakgrunn i assosiasjonar med Troja-soga, som òg *Parismåla*, medan *Trojaborg* er oppkalling av *Troja*.

I artikkelen Helvete som ortnamn under medeltiden (NoB 21, 1933, NoB 22, 1934) peikar Lizzie Carlsson på at dette stadnamnet ikkje har sakralt innhald, men tyder 'nord', med bakgrunn i leiet. Bakgrunnen for dette er ei oppfatning både i heiden og kristen folketru om at dødsriket låg mot nord.

Sigurd Pira skriv i artikkelen Den helige Tores källa (NoB 33, 1945) om namn som har bakgrunn i offerkjelder som vart gjesta på Kristi himmelfartsdag, gjerne kalla *helig torsdag* o.l., altså 'heilag-torsdag'. I namn kan eit 'helig-torsdagskälla' bli trekt saman til *helig tors källa*. I artikkelen *Bältergård* och *Duvlervål*, *Lekeräng* och *Tullerkitt* (NoB 63, 1975), der Bror Lindén skriv om gamle yrkesnemningar o.l. som førekjem i gardsnamn og andre stadnamn, er det òg teke med nemningar som høyrer til det kyrkjelege området, t.d. *Djäken*, *Prästbodarna*, *Kaplagården* og *Klockarberg*.

I artikkelen Isl. *Kumbr* som namn på näcken (NoB 62, 1974), der Dag Strömbäck omtalar det nemnde ordet for 'nøkk, vasstroll', er det òg nemnt eit stadnamn (tjørnnamn) på Island som skal innehalda dette nemnet, nemleg *Kumburtjörn*.

7. Sluttord

NoB 1–99 (1913–2011) gjev eit etter måten representativt bilet av sakralnamnforskinga i Norden dei siste hundre åra. I dei to første tiåra finst det ein god slump artiklar der ein, for å nytta Sahlgrens ord, kanskje kan seia om fattaren at han har vore like så fantasirik som skarpsindig når det gjeld å finna namneledd som skal ha bakgrunn i forkristen religion. Etter 4–5 tiår med langt færre artiklar og klart meir kritisk – ja, stundom skeptisk – haldning til slike tolkingar, har frå og med 1980-åra talet på artiklar som omhandlar dette emnet, auka monaleg. Dei siste åra er det òg vist større interesse for å ta opp prinsipielle sider, både metodiske og språklege, ved slike tolkingar, og setja desse namna inn i ein større religions-, kultur- og samfunnshistorisk sammenheng. Det lovar godt.

Litteratur

- Andersson, Fritz, 1936: Till Gäsene härads bebyggelsehistoria. I: NoB 24. S. 208–214.
- Andersson, Thorsten, 1968: *Tuna*-problem. I: NoB 56. S. 88–124.
- 1969: [Anm. av:] Petrus Envall: Gudastolpen. Rod och råd. En studie i fornnordisk språk- och religionshistoria. I: NoB 57. S. 184.
- 1979: Eigennamen als erstes Glied nordischer Ortsnamen. Stamm- und Genitivkomposition. I: NoB 67. S. 123–146.
- Bjorvand, Harald, 2008: Oslo. I: NoB 96. S. 25–34.
- Calissendorff, Karin, 1964: Helgö. I: NoB 52. S. 105–152.
- Carlsson, Gottfrid, 1916: Blåkulla som namn på ön Jungfrun. I: NoB 4. S. 158–160.
- Carlsson, Lizzie, 1933: Helvete som ortnamn under medeltiden. I: NoB 21. S. 138–147.
- 1934: De medeltida Helvetesnamnen än en gång. I: NoB 22. S. 136–140.
- Christensen, Lisbeth Eilersgaard, 2011: Stednavne som kilde til centralpladskomplekser i Danmark. I: NoB 99. S. 59–86.
- Ekholm, Gunnar, 1925: Gödäker. En förberedande studie. I: NoB 13. S. 75–103.
- Elmevik, Lennart, 1966: Fsv. *lytir (*Lytir). Ett etymologiskt och religionshistoriskt bidrag. I: NoB 54. S. 47–61.
- 1985: Åsaka. I: NoB 73. S. 156–167.
- 1995: *Härnevi* och *Friggeråker*. I: NoB 83. S. 67–77.
- 2003a: Kan gudinnenamnet *Fröja* säkert spåras i norska ortnamn? I: NoB 91. S. 142–143.
- 2003b: En svensk ortnamnsgrupp och en hednisk prästtitel. I: OUÅ. S. 68–78.
- 2005: Gudinnenamnet *Fröja* i norska ortnamn? Till frågan om existensen av gudinnenamnet *Fröja* i norska ortnamn. I: NoB 93. S. 136–138.
- 2007: *Gödäker* – ett försök till nytolkning. I: NoB 95. S. 29–38.
- Falck-Kjällquist, Birgit, 1983: Namnet *Ullerö*. I: NoB 71. S. 152–156.
- Franzén, Gösta, 1979: Harstena. I: NoB 67. S. 65–69.
- Fridell, Staffan, 2001: *Alböke* och *Arbelunda*. I: NoB 89. S. 95–100.
- Helleland, Botolv, 2002: Stadnamn og religionsskiftet. Ei problematisering med utgangspunkt i *Ullensvang*. I: NoB 90. S. 53–107.
- Hellquist, Elof, 1916: Svenska ortnamn. (Guden Höner.) I: NoB 4. S. 127–154.
- 1917. [Rec. av:] Magnus Olsen: Hedenske kultminder i norske stedsnavne. I: NoB 5. S. 161–182.
- Holmberg, Bente, 1986: Den hedenske gud Tyr i danske stednavne. I: Mange bække små. Til John Kousgård Sørensen på tresårsdagen 6.12.1985. Red. af Vibeke Dalberg & Gillian Fellows-Jensen. København. (Navnestudier udg. af Institut for Navnforskning 27.) S. 109–127.
- 2003: Gudarnas platser. [Bearbeidd opposisjonsinnlegg over Per Vikstrand: Gudarnas platser. Förkristna sakrala ortnamn i Mälardalskapen.] I: NoB 91. S. 35–57.
- Hähnel, Märta, 1972: Ortnamnet Stafsinge. I: NoB 60. S. 105–109.
- Jungner, Hugo, 1924: Om Friggproblemet. Några kritiska anmärkningar. I: NoB 12. S. 1–36.
- Karsten, T. E., 1914: Tiwaz. I: NoB 2. S. 195–204.
- Kjellberg, Carl M., 1913: Thorshughle och ett par andra kullar från hedentima. I: NoB 1. S. 126–132.
- Korslund, Frode, 2005: Gudinnenamnet *Fröja* i norska ortnamn? Kommentarer til et bidrag av Lennart Elmevik. I: NoB 93. S. 135.
- 2011: Navnet *Oslo*. Et tilsvær til Harald Bjorvands artikkel Oslo i Namn och bygd 96. I: NoB 99. S. 87–93.

- Lindén, Bror, 1936: Hanaknä. I: NoB 24. S. 114–121.
- 1975: *Bältergård och Duvlervål, Lekeräng och Tullerkitt*. Gamla yrkesbeteckningar o.d. ingående i gårdsnamn och ortnamn i Siljansbygden eller övre Österdalarna. I: NoB 63. S. 61–70.
- Lindroth, Hjalmar, 1915: Härnevi. Ett bidrag till frågan om beröringen mellan svensk och finsk mytologi. I: NoB 3. S. 57–91.
- Lundahl, Ivar, 1955: Västergötlands ortnamn. En kort översikt. I: NoB 43. S. 137–144.
- Lundberg, Oskar, 1912: Härnevi och därmed sammanhängande ortnamn. Om nordisk fruktbarhetskult. I: Oskar Lundberg & Hans Sperber: Härnevi. Uppsala. (Meddelanden från Nordiska seminariet 4. Uppsala universitets årsskrift 1911. Filosofi, språkvetenskap och historiska vetenskaper 3.)
- 1913: Den heliga murgrönan. Till ortnamnet Vrindavi. I: NoB 1. S. 49–58.
 - 1944: Det uppländska sockennamnet Alunda. I: NoB 32. S. 118–129.
- Moberg, Lennart, 2002a: Formellt samband mellan förlederna i *Gödäker* och *Frövi* etc.? I: NoB 90. S. 168.
- 2002b: *Gödäker* som språkligt problem. I: NoB 90. S. 45–52.
- Noreen, Adolf, 1911: Tiveden och tibast. I: MM. S. 273–284.
- Noreen, Erik, 1920: Ett hedniskt kultcentrum i Värmland? I: NoB 8. S. 17–31.
- Olsen, Magnus, 1908: Härnavi. En gammel svensk och norsk gudinde. Christiania. (Christiania videnskabsselskabs forhandlinger for 1908.)
- 1915: Hedenske kultminder i norske stedsnavne. Kristiania. (Videnskapsselskapets skrifter 2. Hist.-filos. klasse. 1914:4.)
 - 1920: Haneberg og Hanehaug. I: NoB 8. S. 35–39.
 - 1921: Haneberg og Hanehaug. I: NoB 9. S. 162.
 - 1933: Helkunduheiðr. I: NoB 21. S. 12–27.
- Palm, Thede, 1940: Stav och blotträ. I: NoB 28. S. 15–19.
- Pellijeff, Gunnar, 1991: Ortnamnselementet *skede*. I: NoB 79. S. 61–68.
- Pira, Sigurd, 1945: Den helige Tores källa. I: NoB 33. S. 1–10.
- Rostvik, Allan, 1969: Ortnamnet *Harv*. I: NoB 57. S. 73–82.
- Rydving, Håkan, 1990: Ortnamn som religionshistoriskt källmaterial. I: NoB 78. S. 167–177.
- Sahlgren, Jöran, 1915: Blåkulla och blåkullafärderna. En språklig och mythistorisk undersökning. I: NoB 3. S. 100–161.
- 1918: Förbjudna namn. I: NoB 6. S. 1–21.
 - 1920: Tybotten och Simrishamn. I: NoB 8. S. 174.
 - 1922: Nordiska namn i språklig och saklig belysning 3. Sockennamnen Hackvad och Åsaka. I: NoB 10. S. 136–140.
 - 1923a: Nordiska ortnamn i språklig och saklig belysning 6. Oäkta *vi*-namn. I: NoB 11. S. 110–134.
 - 1923b: Är mytosofien en vetenskap? I: Vetenskaps-societeten i Lund. Årsbok. S. 27–36.
 - 1932: Vad våra ortnamn berätta. Stockholm. (Studentföreningen Verdandis småskrifter 351.)
 - 1937. [Rec. av:] Jan de Vries: Altgermanische Religionsgeschichte 2. I: NoB 25. S. 183–184.
 - 1942: Gunnar Gröpa en jättekäring. I: NoB 30. S. 159–170.
 - 1947: Reaktion och korrektion. En språkpsykologisk och språkhistorisk studie. I: NoB 35. S. 97–126.
 - 1950: Hednisk gudalära och nordiska ortnamn. Kritiska inlägg. I: NoB 38. S. 1–37.
 - 1958a: *Alavi*, fsv. *Aluerui*. Ett bynamn i Närke. I: NoB 46. S. 159–162.

- 1958b: [Rec. av:] Jan de Vries: Altgermanische Religionsgeschichte. I: NoB 46. S. 191–193.
- 1962: Lunden Barre i Skírnismál. I: NoB 50. S. 193–203.
- 1963: Nordisk hedendom. Kritiska anmärkningar. [Rec. av: Folke Ström: Nordisk hedendom. Tro och sed i förkristen tid.] I: NoB 51. S. 162–168.
- 1965: Arboga och Torshälla. Betydelseändring med åtföljande ljudändring. I: NoB 53. S. 152–158.
- Sandnes, Jørn, 1978: Stadnamn og samfunn i eldre tid. Noen synspunkter på avgrensning, arbeidsoppgaver og problemstillinger for undersøkelser. I: NoB 66. S. 113–126.
- 1992: Norske stedsnavn og hedensk kultus. En vurdering av Magnus Olsens teorier i lys av nyere forskningsdebatt. I: Sakrale navne. Rapport fra NORNA-s sekstende symposium i Gilleleje 30.11.–2.12.1990. Red. av Gillian Fellows-Jensen & Bente Holmberg. Uppsala. (NORNA-rapporter 48.) S. 9–21.
- Strömbäck, Dag, 1974: Isl. Kumbr som namn på näcken. I: NoB 62. S. 39–43.
- Ståhl, Harry, 1971: Jöran Sahlgren 8/4 1884–28/8 1971. I: NoB 59. S. 10–14.
- Særheim, Inge, 1992: Sirdal. Namn og stader 1. Namnetolkningar. Tonstad.
- 2007: Stadnamn i Rogaland. Bergen.
- Wessén, Elias, 1921: Hästskede och Lekslätt. I: NoB 9. S. 103–131.
- 1922: Till de nordiska äringsgudarnas historia. I: NoB 10. S. 97–118.
- Widmark, Gun, 1992: Till diskussionen av namnet *Oslo*. I: NoB 80. S. 57–64.
- Vikstrand, Per, 1993: Förkristna sakrala ortnamn i Jämtland. I: NoB 81. S. 49–84.
- 1999: Ortnamn, centralplatser och det meningsfulla landskapet. I: NoB 87. S. 13–24.
- 2001: Gudarnas platser. Förkristna sakrala ortnamn i Mälardalskapen. Uppsala. (Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi 77. Studier till en svensk ortnamnsatlas 16.)
- Vilmundarson, Þórhallur, 1978: Hugarflug och veruleiki í íslenzkum örnefnum. I: NoB 66. S. 100–112.
- Vågslid, Eivind, 1960: Feta og -fot i norske stadnamn. I: NoB 48. S. 25–33.
- 1974: Stadnamntydingar 2. Oslo.

Summary

Sacral place-names

By Inge Særheim

The study of sacral place-names is the subject of some sixty articles in the first ninety-nine volumes of *Namn och bygd*. The authors discuss toponyms supposedly referring to earlier cult and religious conceptions, e.g. names of old cultic sites (pagan temples, holy places etc.) and names connected with the worship of pre-Christian gods and goddesses (Odin, Thor, Freyr, Freyja, Njord, Ull etc.). Some articles explore popular belief and superstition, e.g. trolls, ghosts, spirits etc., as well as ‘forbidden’ (taboo) names and noa names.

Interest in and attitudes to sacral names have changed among Nordic onomasticians over the last hundred years, a shift that is also reflected in *NoB*. Around 70 per cent, i.e. more than two-thirds, of the articles dealing with sacral place-names were published in the first two and the last two decades of the journal’s history. Considerably fewer contributions on the subject appeared during the period 1930–90, when such interpretations were less widely recognised in this field of research.

NoB provides a representative picture of the development of sacral place-name research in the Nordic countries over the past century, and may be said to be the pre-eminent publication channel in this field and on this particular topic. The first two decades of the journal's history saw the publication of several articles of which it may be said – to use the words of the editor from 1913 to 1968, Jöran Sahlgren – that the authors were as imaginative as they were clear-thinking in their search for name elements supposedly reflecting pre-Christian cult. After five to six decades with considerably fewer articles and a much more critical – sometimes sceptical – attitude to interpretations of this kind, largely due to Sahlgren's strongly expressed views as editor, there has been a substantial increase since the late 1980s in the number of articles dealing with this topic. In the last twenty-five years, much greater interest has been shown in discussing questions of principle, e.g. methodological as well as linguistic problems, and in interdisciplinary studies of names as an aspect of landscape history and the history of religion, culture and society.